



Surnadal kommune

Plan

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref
2009/2601-5

Saksbehandlar
Leif Erik Meese

Dato
28.12.2009

Forslag til endringar i alkoholloven - høyring

Vedlagt følgjer utskrift av behandlinga i Surnadal kommunestyre si behandling 10.12.2009 av sak om høyring til forslaget om endringar i alkoholloven.

Med helsing

Leif Erik Meese
seniorkonsulent



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst og omsorg	38/09	25.11.2009
Kommunestyret	86/09	10.12.2009

Forslag til endringar i alkoholloven - høyring

Vedlegg

- 1 Høringsnotat
- 2 Høring - forslag til endringar i alkoholloven

Saksopplysningar

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut på høyring eit forslag til endringar i alkoholloven. Høyringsnotatet inneheld forslag om at loven sine maksimaltider for skjenking av alkoholhaldig drikk blir innskrenka med ein time. Vidare at det vert opna for sal i eigen verksemd av eigenprodusert drikk som inneheld inntil 4.7 volumprosent alkohol. Det vert mogleg med raskare og strengare reaksjon ved brot på sals- og skjenkeløyvingar. Høyringsnotatet inneheld og forslag til ein rekke mindre endringar.

Maksimaltider for skjenking av alkoholhaldig drikk.

Departementet sitt forslag er at maksimaltida blir innskrenka med ein time, slik at skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 blir forbode mellom kl. 0200 og kl. 1300, mens anna alkoholhaldig drikk blir forbode mellom kl. 0200 og kl. 0600. I gjeldande lov er maksimaltida mellom kl. 0300 og kl. 1300 og kl. 0300 og kl. 0600.

Normaltida for skjenking er fra kl. 1300 til kl. 2400 for gruppe 2 og 3, mens anna alkoholhaldig drikk kan skjenkes mellom kl. 0800 og kl. 0100.

Kommunane står fritt til å utvide skjenketidene ut over normaltida, men innafor maksimaltida. Kommunane kan og fastsette kortare skjenketid enn normaltida. Det vert ikkje sett fram forslag om endringar i normaltida.

Bakgrunnen for forslaget er at det i dei seinare åra er ein klår tendens til ein meir liberal alkoholpolitikk i kommunane og det er blitt særst vanleg å utvide skjenketidene ut over normaltida. Det er sjelden at kommunane vedtek innskrenkingar i skjenketida.

Når ein ser denne utviklinga i samanheng med at alkohol er det rusmidlet som er årsak til flest sosiale og helseskader, er departementet si vurdering av begrensa tilgang til alkohol vil føre til mindre forbruk og med det færre skader og problem som er knytt til alkoholbruk. Til dømes er alkohol årsak til mange trafikkulukker og andre ulukker som fører med seg alvorlege personskader. Alkoholmisbruk fører og med seg store kostnader for arbeidslivet. Auka bruk/misbruk av alkohol er og en viktig årsak til vold.

Kontroll og reaksjonsreglane.

Regjeringa har i ei opptrappingsplan for rus uttala at den vil sjå nærare på moglegheiten for å effektivisere kontrollen med med utøving av sals- og skjenkeløyver. I det ligg det og eit ønskje om å sjå på moglegheiter for ei raskare og strengare reaksjon ved overskjenking og skjenking og sal til mindreårige.

Departementet ber om tilbakemelding på om det er føremålstenleg å innføre ei mellombels prøveordning, kor kontrollører av kommunale sals- og skjenkeløyver kan bli gjeve kompetanse til å inndra eit løyve på staden om det blir avdekkja brot på reglane som har særleg samanheng med alkoholloven sitt føremål.

Lokale produsentar av alkoholhaldige drikkevarer.

Departementet sett fram forslag om ein ny og forenkla ordning for tilverknad av alkoholhaldig drikk som inneheld inntil 4.7 volumprosent alkohol for sal i eigen verksemd. Bakgrunnen for forslaget er at det i de seinare åra er blitt ei brei politisk forståing for satsing på lokal produksjon av mat og drikke og som er basert på lokale råvarer. Dette kan bli eit viktig bidrag til norsk landbruk, reiselivsnæringa og ikkje minst for levande og aktive bygdesamfunn i heile landet.

I forslaget til lovendring ligg det at det vil bli lagt mynde til kommunestyret om å godkjenne å utvide eit sals- og/eller skjenkeløyve for slik tilverknad. Gjeldande lov krev statleg løyve.

Andre forslag til endringar i loven.

Det blir i høringsnotatet og sett fram fleire andre, mindre endringar. Desse omfattar m.a. å gi løyve til auksjon av alkoholhaldig drikk mellom private i regi av Vinmonopolet, presisering av reglane for alder for den som sel, leverer ut eller skjenker, samt utviding av unntak for den som har fagbrev. Tilgjengelegheita til sals- og skjenkestader blir og vurdert i samband med høyringa.

Vurdering

Forslaget om innskrenking av maksimaltiden for skjenking av alkoholhaldig drikk er det grunn til å tro vil føre med seg mest debatt. I mange kommunar har denne problematikken allereie vore oppe til diskusjon i forhold til kva som er best eller ikkje, men ein ting er kommunane sin fridom til sjølve å vurdere og vedta kva som skal gjelde for kommunen, eit anna forhold er at ei innskrenking blir fastsett i loven og at kommunane sin alkoholpolitiske fridom blir avgrensa. Oppslutninga om denne fridomen har generelt sett vore stor.

Spørsmålet om innskrenking av skjenketida eller ikkje bør vurderast ut i frå helse og sosiale aspekt, samt ut i frå næringspolitiske sider. Kommunestyret kan vurdere alle sider, men etter rådmannen si meining bør ein først og fremst sjå på den helsemessige betydninga, fordi det i

loven sin formålsparagraf står at reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål i størst mulig utstrekning å begrense de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

Lengre opningstid fører med seg at fleire drikk meire, og det er stadfesta at jo meir rusa ein er vil auke situasjoner med bruk av vald. Det vil slik vere eit vektig argument for å innskrenke maksimaltida for skjenking at mindre tilgang på alkohol samla sett vil kunne redusere skadeverknadene som alkoholbruken kan føre med seg.

Surnadal kommune har i mange år hatt ei utviding av skjenketida ut over normaltida fram til kl 0200. Dette har fungert greitt, og så langt ein kjenner til har det ikkje vore sett fram noko ønskje om å utvide denne tida fram til kl 0300. Samla vurdert vil rådmannen tilrå at Surnadal kommune støtter departementet sitt forslag om å innskrenke maksimaltida for skjenking av alkoholholdig drikk til kl 0200.

Når det gjeld forslaget om å gje alkoholkontrollørane mynde til å inndra sals- eller skjenkeløyve på staden, kan ikkje rådmannen sjå anna enn at ei slikt mynde vil vere vanskeleg å gjennomføre. Som det går fram av høyringsdokumentet vil det vere mange formelle og juridiske problem knytt til eit slikt mynde, og desse må sjåast opp i mot behovet for at kontrollørane skal ha eit slikt mynde. I 2007 blei det inndrege 153 skjenkeløyver blant dei over 7300 skjenkestadene, av desse 64 pga. skjenking til openbert rusa personar og 20 for skjenking til mindreårige. Dette er ikkje høge tal, og sjølv om det i enkelte høve kanskje kunne vere på sin plass at skjenkestaden blei stengt på staden, bør ikkje dette vere grunnlag nok for generelt å gje høve til stenging.

Om departementet finn å kunne setje i gong ei prøveordning på dette området, bør det takast med som eit moment at for å kunne stenge på staden, bør det vere minst to kontrollørar på staden samstundes som tek avgjerd om stenging. Dette vil vere viktig både for å ivareta kontrollørane sin troverdighet, og å sikre at skjenkestaden heller ikkje blir utsett for vilkårlig behandling.

Departementet sett også fram forslag om at kommunane kan gje løyve til tilvirking og sal og skjenking av drikk som inneheld inntil 4.7 volumprosent alkohol, og at dette skjer i eiga verksemd. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret støtter eit slikt forslag. Ei slik endring i loven vil kunne vere med å bidra til å støtte satsinga i mange kommunar på lokal produksjon av mat og drikke og som ofte er basert på lokale råvarer.

Rådmannen har ikkje merknader til dei andre og mindre vesentlege forslaga til endring i alkoholloven.

Rådmannen si tilråding

Surnadal kommunestyre vil gje slik uttale til Helse- og omsorgsdepartement sitt høyringsdokument med forslag til endringar i alkolloven:

1. Surnadal kommunestyre støtter forslaget om innskrenking av maksimaltida for skjenking av alkoholholdig drikk med 1 time til kl 0200.
2. Surnadal kommunestyre kan ikkje sjå det er behov for å gje sals- og skjenkekontrollørane mynde til å inndra eit løyve på staden. Bruk av eit slikt mynde vil og kunne føre med seg

meir problem i etterkant av inndraginga, enn å kunne gjennomføre ei inndraging etter gjeldande reglar. Dessutan vil det føre til ei auka økonomisk kostnad med gjennomføringa av kontrollverksemda, sannsynleg ut over innbetalinga av løyvegebyr.

3. Surnadal kommunestyre støtter forslaget om forenkling/utviding av sals- og skjenkeløyve til å kunne omfatte tilvirking og skjenking av drikk som inneheld inntil 4.7 volumprosent alkohol i eiga verksemd.

Behandling i Hovudutval for oppvekst og omsorg - 25.11.2009

Forslag:

Eilert Mikkelsen sette fram forslag om å endre pkt. 3 til:
Behalde dagens ordning.

1. votering:

Pkt. 1 og 2: Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

2. votering:

Pkt. 3 i rådmannen si tilråding vart sett opp mot forslaget frå Eilert Mikkelsen.
Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 6 mot 1 røyst.

Hovudutval for oppvekst og omsorg si tilråding:

Surnadal kommunestyre vil gje slik uttale til Helse- og omsorgsdepartement sitt høyringsdokument med forslag til endringar i alkolloven:

4. Surnadal kommunestyre støtter forslaget om innskrenking av maksimaltida for skjenking av alkoholhaldig drikk med 1 time til kl 0200.
5. Surnadal kommunestyre kan ikkje sjå det er behov for å gje sals- og skjenkekontrollørane mynde til å inndra eit løyve på staden. Bruk av eit slikt mynde vil og kunne føre med seg meir problem i etterkant av inndraginga, enn å kunne gjennomføre ei inndraging etter gjeldande reglar. Dessutan vil det føre til ei auka økonomisk kostnad med gjennomføringa av kontrollverksemda, sannsynleg ut over innbetalinga av løyvegebyr.
6. Surnadal kommunestyre støtter forslaget om forenkling/utviding av sals- og skjenkeløyve til å kunne omfatte tilvirking og skjenking av drikk som inneheld inntil 4.7 volumprosent alkohol i eiga verksemd.

Behandling i Kommunestyret - 10.12.2009

Forslag:

Marit G. Kringlebotn sette fram følgjande endringsforslag til pkt. 1:

Surnadal kommunestyre støtter ikkje forslaget om innskrenking av maksimaltida for skjenking av alkoholhaldig drikk med 1 time til kl. 0200.

Eilert Mikkelsen sette fram følgjande forslag om å endre pkt. 3 til:

Behalde dagens ordning.

Votering:

Pkt. 1: Forslaget frå Marit G. Kringlebotn fekk 2 røyster.

Tilrådinga frå H2O fekk 25 røyster.

Pkt. 2: Forslaget frå Eilert Mikkelsen fekk 8 røyster.

Tilrådinga frå H2O fekk 19 røyster.

Samla votering:

Tilrådinga frå H2O vart vedteken.

Kommunestyret sitt vedtak:

Surnadal kommunestyre vil gje slik uttale til Helse- og omsorgsdepartement sitt høyringsdokument med forslag til endringar i alkolloven:

7. Surnadal kommunestyre støtter forslaget om innskrenking av maksimaltida for skjenking av alkoholhaldig drikk med 1 time til kl 0200.
8. Surnadal kommunestyre kan ikkje sjå det er behov for å gje sals- og skjenkekontrollørane mynde til å inndra eit løyve på staden. Bruk av eit slikt mynde vil og kunne føre med seg meir problem i etterkant av inndraginga, enn å kunne gjennomføre ei inndraging etter gjeldande reglar. Dessutan vil det føre til ei auka økonomisk kostnad med gjennomføringa av kontrollverksemda, sannsynleg ut over innbetalinga av løyvegebyr.
9. Surnadal kommunestyre støtter forslaget om forenkling/utviding av sals- og skjenkeløyve til å kunne omfatte tilvirking og skjenking av drikk som inneheld inntil 4.7 volumprosent alkohol i eiga verksemd.